

Nr. 4 - september 2020

Masfjordingen

**Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune.**



Vinnarbiletet i fotokonkurransen: Foto: Kristian Dahle

Gudstenester

6. september

Sandnes kyrkje kl 10.15 og 12:00

Konfirmasjons gudstenester v/Harald Sundsbø

Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i

Masfjorden sokn

13. september

Frøyset kyrkje kl.10:30 og 12:15

Konfirmasjonsgudstenester v/Harald Sundsbø

Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i

Masfjorden sokn

20.september

Solheim kyrkje kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ Harald Sundsbø

Takkeoffer til barne og ungdomsarbeidet i

Masfjorden sokn

20.september

Granneheimen kl. 17:00

Gudsteneste v/Harald Sundsbø

Takkeoffer til SOS Barnebyer

11. oktober

Sandnes kyrkje kl.12.00

Gudsteneste v/Harald Sundsbø

Takkeoffer til SOS Barnebyer

18.oktober

Frøyset kyrkje kl.11.00

Gudsteneste v/Harald Sundsbø

Takkeoffer til SOS Barnebyer

Velkommen til kyrkja!

Hugs korona reglane: Hald avstand, vask hendene og bli heime om du er sjuk.

I samsvar med Covid-19-forskrifta §13 fører me liste med namn på dei som er tilstade. Dette vert registrert ved oppmøte. Listene vert makulert etter 10 dagar.

Døyppte

31.05.2020 Ingeborg Dahl Nordland

Foreldre: Margrethe Nordland og Martin Dahl

Faddrar: Ingrid Dahl, Kristian Kahlbom, Thea Malene Nordland Kvinge Tvedt

02.08.2020 Sebastian Bezerra Oppedal

Foreldre: Elaine Maria Bezerra Oppedal og

Frank Oppedal

Faddrar: Mathea Yndesdal, Andrea Yndesdal, Viktor Bezerra, Silvana Maria da Silva Oppedal, Thomas Oppedal

09.08.2020 Agnes Sleire Andvik

Foreldre: Juna Iren Sleire-Ynnesdal og

Glenn-Ove Andvik

Faddrar: Tove Sleire, Bergit Ynnesdal, Adrian Andvik, Tor Andre Trodal Andvik, Britt-Hele Kvamsdal, Hugo Sleire

16.08.2020 Magnus Nyhavn Matre-Marøy

Foreldre: Helga Nyhavn Matre og Truls

Valdersnes Marøy

Faddrar: Renate Innvær Olsen, Marius André Dalland, Stian Valdersnes Risnes, Rune Valdersnes Marøy, Eivind Hansen, Karete Irene Kvalsund

16.08.2020 Julia Nyhavn Matre-Marøy

Foreldre: Helga Nyhavn Matre og

Truls Valdersnes Marøy

Faddrar: Renate Innvær Olsen, Amalie Valdersnes Marøy, Kristin Valdersnes Marøy, Therese Halsvik Nordli, Birgitte Nyhammer Hansen, Ragnvald Myre Hosøy

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Vigde

11/7 2020 Wibeke Nilsen og Torleif Matre

18/7 2020 Karina Espeland Lunde og Audun Høvik Hammersland

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige liv.

Avlidne

16.06.2020 Martin Kvamsdal f. 1929

04.07.2020 Brita Trodal f. 1929

09.07.2020 Hilmar Kvinge f. 1957

27.07.2020 Jan Helge Torsvik f. 1962

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



Retting av feil namn på konfirmant

Bak f.v.: Joshua Aidan Jakes, André Haugsdal Asheim, Martin Hope Aga, Eirik Dahle, Magnus Matre, Tobias Haugsvær

Framme f.v.: Josefine Oppedal, Mathilde Vågset Oppedal, Tone Marit Håland Dyrkolbotn (prest), **Hanne Asheim Hope**, Vilde Matre.

I vanvare skreiv eg feil namn på ein av konfirmantane i Solheim 2019. Rett namn er i utheva skrift over .

Tursopplærer, Helga Ekehaug

Konfirmantar 2020

Konfirmasjonane som skulle ha vore i april og mai er utsett til september. I to av kyrkjene har me laga til to gudstenester slik at konfirmantane får høve til å ha fleire gjester med på gudstenesta. Desse er fordelt slik:

Sandnes kyrkje 6. september:


Klokka 10:15 Adrian Kårdal Vestervik, Erlend Vestervik Lahti og Soliana Andvik
Klokka 12:00 Celine Naree Fredheim, Johanne Olaussen Einestrand og
Thea-Malene Nordland Kvinge Tvedt

Frøyset kyrkje 13. september:

Klokka 10:30
Henrik Neverdal Daae, Johan Haaheim
Vågene og Natalie Daae Angeltvedt (Gulen)
Klokka 12:15 Vilde Marie Haukeland og
Steinar Torsvik Størkersen

Solheim kyrkje 20. september:

Klokka 11:00 Ulrik Vågseth, Bendik Rugseth
og Sivert Kvamsdal Håvåg



Hjarteleg takk!

I samband med Bjarne A. Ynnesdal sin bortgang, vil me få retta ei stor takk til alle som møtte opp i gravferda 9. mars 2020. Me takkar for alle blomar og gode ord- både ved båra, til kona Målfrid og borna med familiar. Me vil også takke for minnegåvene på til saman kr 3200,- som kom inn til Masfjorden sjukeheim. Ei stor takk til personalet på sjukeheimen for god pleie og triveleg miljø i over 12 1/2 år. Han likte seg så godt hos dykk!

Helsing Målfrid Ynnesdal og borna med familiar



BARNAS SIDE

Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



Fargelegg



Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:
Claudia Chiaravalotti

Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet
BARNASTil eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot. Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:

- Meld inn høgde og posisjon!
- Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Moiboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:

Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.

Andre gong får du 2000 kroner i bot.

Tredje gong blir sikkerheitsbeltet indrege.

Konfirmantar Frøyset

«De er verdfulle, akkurat slik som de er.» Dette var ein viktig bodskap i undervisningsleiaren Helga Ekehaug si helsing til dei nye konfirmantane i Frøyset kyrkje.



F.v.: Isak Dingen Johansen, Kim Daniel Haukeland, Sindre Leander Haveland-Næss. Framme: Nicholas Fitje Turner, Natalie Rambjørg Myklebust, trusopplærer Helga Ekehaug (Damian Pedersen de Jong og William Hatlen Oakman var ikkje til stades då bilete vart teke)

Laurdag 22. august vart det feira gudsteneste i Frøyset kyrkje, med innlagt presentasjon av årets sju konfirmantar i denne kyrkjekrinsen. Av desse sju var det fem som hadde

høve til å møte, og dei vart helste av undervisningsleiaren som introduserte dei for Kristuskransen. Dette er ein krans av treperler mykje av konfirmasjonsundervisninga vil ta utgangspunkt i.

Ut over presentasjonen var dette ei gudsteneste som vanleg. Prestevikar Kristine Bleikli forretta, og ho vart ynskt velkomen som prestevikar i Masfjorden fram til juni 2021 ved at tilsetjingsbrevet hennar frå biskop Halvard Nordhaug vart lese opp.

Kristine skal vere med i ei gruppe som skal samarbeide om konfirmasjonsundervisninga i Masfjorden. I fyrste omgang skal ho vere med fram til nyttår, men avhengig av kva som skjer med situasjonen når det gjeld ny sokneprest i Masfjorden, er det opna for at ho kan vere med på laget i heile perioden.

Tonefyllgje under gudstenesta var ved Ove Danielsen, som forutan å akkompagnere på piano også var forsongar på salmane og liturgisvara.

Tekst og foto: Rune Garmann

Konfirmantar Solheim



F.v.: Nikola Jåstad, Marius Haugsvær, trusopplærer Helga Ekehaug (Sofia Oppedal var ikkje til stades då biletet vart teke)
Foto: Sunniva Vågseth

Konfirmantpresentasjonen 22. august i Solheim kyrkje med Kristine Bleikli som prest var ei god stund og framkalla den gode stemninga som du berre får i kyrkja. Sjølv om det ikkje akkurat var fullt i rommet, var det fint frå første stund då dei to konfirmantane Nikola Jåstad og Marius Haugsvær gjekk oppover kyrkjegangen i prosesjon medan Ove Danielsen spelte vakkert på piano, og heilt fram til presten avslutta gudstenesta med takkebøna.

I preika snakka presten om at me ikkje skulle bekymra oss så mykje. Bekymringar var som oftast ugrunna.

Forfattar er Anastasia Jåstad, 12 år. Ho er konfirmant Nikola si søster.

Konfirmantar Sandnes



F.v.: Åshild Andvik, Markus Langfjell Lilletvedt, prest Kristine Bleikli, Andreas Nordland, Thea-Madelen Hope. Framme sit trusopplæraren Helga Ekehaug

Etter helsinga frå prest Kristine, vart konfirmantane presentert for kyrkjelyden. Helga viste fram og fortalde om kristuskransen som vert mykje brukt i konfirmantundervisninga. Kransen består av 18 perler, som kvar har si tydning, eit livsspørsmål, ein tanke, eller ei bøn. Ho snakka m.a. om å vera sutalaus, å leggja bekymringane frå oss og vera glade. Konfirmantane vart ønskt velkomne med applaus.

I preika filosoferte Kristine over tema bekymringar. Bekymringar kan vera nyttige, og Bibelen fortel at Jesus tok tak i folk sine bekymringar og flytta fokus vekk frå desse. Å bekymre seg er ein del av det å vera menneske, det er noko me alle må handtera. Forfatter Earl Nightingale har rekna bekymringar i prosent: Dvs. 92 % er heilt unødvendige bekymringar. Gje bekymringane til Gud. Vi er alle elska og uendeleg verdifulle. Det er menneskeleg å feile, og vi treng kvarandre og Gud.

Det var nattverd for alle.

Gudstenesta var avslutta med vakkert postludium «Shine your light», sunge og spela av pianist Ove Danielsen.

Tekst: og foto: Atle Nordland

Pzalm festivalhelg

Går du i 3. – 8. klasse?
Likar du å syngja, dansa eller dramatisera?

Bli med på festivalhelg 24. - 25. oktober i Bergen.

Pzalm er ein festival i regi av KFUK-KFUM Bjørgvin og Bergen domkirke menighet, med fokus på salmar i ny drakt med inspirasjon frå rock, R'n'B, elektronika og world music.

Her får du delta på seminar og fellesøvingar, før det heile vert avslutta med konsert i Nykirken søndag kl. 17.

Om fleire frå Masfjorden ønskjer å delta, vil me prøve å få til nokre samlingar i førekant, der me øver på songar og rørsler. Tid og stad kjem me attende til når påmeldingsfristen er ute.

Sjølve festivalhelga er me avhengige av at foreldre eller andre vaksne kan stå for transport og vere med som leiarar / medfølgande vaksne.

Sjå neste side for meir informasjon om Pzalmfestivalen.

Er du interessert?
Ta kontakt med Anne Merethe Reknes (kyrkjelydsmusikar) innan måndag 14. september anten på e-post anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no eller telefon 47413141.

Kyrkja i Masfjorden
v/ Anne Merethe Reknes og Helga Ekehaug

Bibelbok til 10 – åringane

Tradisjonen tru pleier du som er 10 år få bibelbok samstundes med at me presenterer konfirmantane. For å redusera risikoen for spreiding av Koronaviruset har me i år utsett å dela ut denne boka. Du vil få brev i posten med informasjon om når det blir.

Kyrkja i Masfjorden
Helga Ekehaug, trusopplærar



PZALM FESTIVALHELG

24.–25. OKTOBER 2020

 Bergen domkirke menighet

For deg som går
i 3.-8.klasse

KFUK-KFUM Bjørgvin og Bergen domkirke menighet ønsker velkommen til Pzalm festivalhelg for 3.-8.klassinger! I oktober braker det løs! Lørdag bruker vi til øving og forberedelser og søndag blir det Pzalm-konsert i Nykirken. Bli med på høstens gøyeste helg!

Pzalm festivalhelgen er årets barne- og tweensfestival. Pzalm er salmer i ny drakt, med et utvalg av salmer er arrangert i ulike stilarter med inspirasjon hentet fra rock, R'n'B, elektronika og world music. Pzalm vil inneholde både felleskor, forsangere og dans. Vi ønsker å bidra til at kirkens salmeskatt åpnes og erfares på nye måter.

Målgruppe: Barn som går i 3.-8.klasse, som er med i barne- eller tweenskor/-gruppe, enten i KFUK-KFUM, menighet eller annen organisasjon. Musikalhelgen vil være i Nykirken i Bergen.

Program: Helgen ledes av dyktige og engasjerende instruktører og musikere. Vi øver inn fellessanger, sanger med solister, sanger med bevegelser og/eller dans og sanger med drama. Lørdag er den store øvingsdagen! Vi øver på fellessangene, deltar på seminarer og spise middag sammen. Søndag er det generalprøve og konsertforestilling.

Deler av opplegget på lørdag er seminar/gruppebasert, og ved påmelding skal det legges inn seminarønsker.

SEMINARER

- Dans
- Drama
- Forsanger/minikor
- HobbY/kreativ

På grunn av den pågående koronapandemien vil det i år dessverre ikke være lagt opp til overnatting for de eldste barna, og alle bor hjemme. Hvis noen som ønsker å delta vil ha for lang reisevei til å kunne sove hjemme, ta kontakt med oss og vi vil gjøre vårt beste for å tilrettelegge for overnatting i menighetshus el. lign.



FORESTILLING SØNDAG 25.OKTOBER

Vi avslutter helgen med konsert i Nykirken søndag kl. 17:00, og forestillingen varer i ca. én time.

Pzalm fremføres i konsertform med innslag fra forsangere, dansere og dramagruppe, i tillegg til det store felleskoret. Her får barna en gylden anledning til å vise seg frem på en scene med profesjonelle musikere, instruktører og produksjon. Familie og venner er hjertelig velkommen!



Vi ønsker at fellesprogrammet skal være mobilfri sone. Ledere får selvfølgelig ha mobil tilgjengelig ved behov, og kan også passe på mobilen for sine deltakere.



PÅMELDING OG DELTAKERAVGIFT

Påmeldingen åpner i starten av september. Påmeldingsfrist for å få tidligrabatt er 1.oktober, og siste frist for påmelding er 10.oktober. Prisen øker med 100,- etter 1.oktober.

Deltakeravgift barn: 400/ 550 kr (medlem/ikke-medlem)

Deltakeravgift ledere og medfølgende voksne: 300 kr

Kun gruppevis påmelding. Gruppene må ha meg seg voksenledere, minimum én leder over 18 år per 8 deltakere.

KONTAKTINFORMASJON

Spørsmål? Ta kontakt med daglig leder i KFUK-KFUM Bjørgvin krets, Alice J. Vatnehol: alice@kfuk-kfum.no, 55606070/ 98667869.

Økonomi skal ikke være en stopper for deltakelse hos oss. Les mer om vårt deltakerfond på kfuk-kfum.no/deltakerfond.

Konfirmantprest

Kristine Bleikli er i haust tilsett som konfirmantprest i 20% stilling i Masfjorden,



medan Harald Sundsbø held fram som vikarierende sokneprest. - I sommar har du vore vikarprest. Korleis har det vore? - Det har vore

travelt og kjekt. 7 veker har gått veldig fort. Sidan eg har hatt teneste i alt frå Solund til Ostereidet har det vorte mykje køyring.

- Du har hatt gudstenester i mange ulike kyrkjer, korleis er det å koma framand til ein stad der det kanskje ikkje er så mange som møter opp? - Eg har vorte så godt teken i mot både av tilsette og frivillige. Dei har hatt nyttig lokal kunnskap og delt velvillig med meg. Det er trygt og godt å koma som vikar når dei andre kjenner rollene sine så godt og er dyktige i det dei gjer.

- I fjor haust var du kyrkjevevjer her, så har du vore sommarvikar i området. No har du teke til med den tredje stillinga knytt til Masfjorden, denne gongen som konfirmantprest. Korleis ser du på dette oppdraget? - Eg ser fram til å verta kjend med ungdomane, og trur at vi kjem til å få ei kjekk konfirmanttid. Det er mykje vi skal lære, og eg trur at konfirmantane har mykje dei kan lære oss vaksne også. Eg gleder meg til å ta til med konfirmantarbeidet i Masfjorden!

- Er det du som kjem til å konfirmera dette kullet til våren? - Eg håpar jo at ein finn ein god kandidat til soknepreststillinga, men dersom det ikkje er ein ny prest på plass i januar er det nok sannsynleg at det blir eg som har konfirmasjonane til våren.

Kristine Bleikli i prat med Helga Ekehaug

Tårnagenthelg

Bli med på å utforska klokketårn, symbol og bibelforteljingar i kyrkja!

Fyller du 7, 8, eller 9 år i 2020 og bur i Masfjorden treng me deg til å løysa oppdrag og mysterium i Sandnes kyrkje. Laurdag klokka 15:30 – 19:30 med eit måltid klokka 17:00 og søndag klokka 10:00 – 13:00.

Inviter gjerne med familie, vener og fadrar til gudstenesta klokka 12:00 i Sandnes kyrkje.

Påmelding innan onsdag 21. oktober på e-post til helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no med: Namn på deltakar, alder, e-post og telefonnummer til foreldre/føresette og mogelege allergiar.

Me treng leiarar til å få dette til. Vil du laga pizza? Vil du laga til saft, servera og rydda? Vil du registrera dei som kjem, leia song, førebu

kyrkja med labyrint før tårnagentane kjem? Leiarar i alle aldrar er velkomene til å vera med! Ta kontakt!

Me har alle behov for inkludering, tryggleik og fellesskap. Kanskje det kan vera godt for barnet ditt med særleg tilrettelegging anten på ein fysisk, sosial eller pedagogisk måte? Ta kontakt og gje oss informasjon om korleis me kan leggja til rette for ei god oppleving i kyrkja. Telefon 56166262 eller e-post.

Kyrkja i Masfjorden
Helga Ekehaug, trusopplærarar



Frivilligprisen 2020

Den 5. desember er "Den Internasjonale Frivillighetsdagen" oppnemnt av FN.

Styret for Masfjorden Frivilligsentral vil også i år feira det frivillige arbeidet ved å dela ut ein frivilligpris. Me deler ut prisen på eit **tidspunkt** og ein **stad** som høver.

Prisen skal gjevast til ein initiativrik person som med sine idear og/eller handlingar har betra trivsel og livskvalitet for andre. Det skal vera ein person som med sine idear og sitt pågangsmot har medverka til eit meir ope, aktivt og trygt samfunn. Innsatsen som vert gjort må vera på frivillig basis, anten gjennom frivillige organisasjonar eller som tenester ut frå personleg initiativ.

Frivilligsentralen ber om framlegg på kven som har utmerka seg til å få Frivilligprisen 2020. Send inn forslag der de skriv kven de ynskjer å gje frivilligprisen til, alderen til personen og litt om på kva måte vedkomande har merka seg ut som mogleg kandidat til prisen.



Send
forslag til:
Masfjorden
Frivilligsentral
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Eller på e-post til:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Forslaget må vera Frivilligsentralen i hende innan: måndag 2. november.

Med velvyrd helsing
Helga Ekehaug

Dagleg leiar
Masfjorden Frivilligsentral

Markering av Eldredagen 2020 er avlyst

Eldrerådet har bestemt at på grunn av koronasituasjonen vil den tradisjonelle festen som har vore på Eldredagen 1. oktober gå ut.

Kvelds- og døgnopne hjelpetelefonar

- Akutt fare for liv og helse: 113
- Politiet: 112 - ved akutt hjelp og 2800 ved mindre alvorlege hendingar
- Nasjonal legevakt: 116 117 - Dette er eit nasjonalt nummer som set deg over til næraste legevakt i ditt område
- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Mental helse: 116 123
- Vold- og overgrepslinja: 116 006 er ei hjelpelinje for deg som opplever vold eller overgrep i nære relasjonar
- Kirkens SOS: 22 40 00 40
- Sjelvskading/sjølvmordsfare: 815 33 300 er ein døgnopen krisetelefon
- Røde kors hjelpetelefon: 800 33 331 (Open mellom kl. 14 og 22)
- Ungdomstelefonen for kjønn og seksualitet: 400 00 777 (Open søndag - torsdag frå kl. 18 til 22)
- Barnevernsvakta: 404 27 777

Smitteverntiltak ved Masfjorden sjukeheim

- informasjon til besøkjande

Me står framleis midt i koronapandemien, og dei siste vekene har me sett at smittetilfella har tatt seg opp igjen både i innland og i utland.

Me på sjukeheimen følgjer utviklinga tett, og har kontinuerleg samarbeid med helse- og omsorgsleiar og smittevernlege i kommunen vedkomande smitteverntiltak og restriksjonar.

Det er utruleg kjekt for både oss som jobbar her og bebuarane våre at det enno er ope for at besøkjande kan få koma inn på sjukeheimen og sjå og prata med sine. Likevel er det viktig at me har tydelege og klare retningslinjer for smittevernreglar og restriksjonar som gjeld, då det er ei svært utsatt og sårbar gruppe menneske som bur her.



Me ynskjer difor å gje ut informasjon om reglementet som gjeld ved sjukeheimen pr. no:

- Det kan kome maksimalt 2 besøkjande i inntil 1 time på rommet til bebuar eller utandørs i hagen.
- Bebuar kan ha maksimalt 2 besøk i veka.
- Besøkjande skal ringe og avtala tid på førehand, og det er viktig at ein held avtala tid, då personalet må halde oversikt over kven som er på besøk, til ei kvar tid. Dette for å ha kontroll på at ein ikkje har for mange besøkjande inne på sjukeheimen samstundes, samt at får letta arbeidet med eventuell smittesporing.

Telefonnummer til sjukeheimen er:
56 16 65 00/ 41 61 75 09.

- Besøkjande må vente utanfor hovudinngang, gjerne ringe og melde frå at ein er komen. Personalet vil kome og hente besøkjande ved hovudinngang, og lose dei inn til den aktuelle bebuaren.

- Besøkjande må vaske/sprite hender før og etter besøket. Sjukeheimen legg til rette for at handsprit er tilgjengeleg.
- Her som elles i samfunnet må alle halde minst 1 meters avstand til tilsette og bebuar.
- Pårørande/besøkjande som har vore i utlandet, eller har symptom med feber, sår hals og hoste dei siste 14 dagane, kan ikkje kome på besøk.
- Reglane kan verte endra på kort varsel ved endring av smittesituasjonen i landet.

Velkommen på besøk under litt andre omstendigheter enn vanleg!

Med vennleg helsing

Marit A. Nesse (leiar) og
Rolf Martin Tande (smittevernlege)

Velkomen til åkleregistrering

Har du eit åkle liggjande heime eller på hytta som vi kan få registrera?

19. september kjem fire veversker - Elin Alver, Rannveig Reigstad, Marta Kløve Juuhl og Kristi Skintveit til Sandneskafeen på Masfjordnes for å registrera åkle. Det skal bli til ei bok om åkle i vårt distrikt. Bak prosjektet står Nordhordland Husflidslag i samarbeid med Osterøy museum. Vi skal også samla kunnskap for ettertida, og er nyfikne på alt du veit om åkle ditt – og vi er like begeistra for eit heilt vakkert eitt og ei fille. Velkomne mellom 12 og 16.

Ta gjerne kontakt:
Randi Andersen 90032540



Matre utegalleri

Skuleåret 2019-20 hadde Matre skule eit samarbeidsprosjekt med Havforskningsinstituttet Matre. Prosjektet hadde tittelen «Livet i havet» og ideèn kom frå Ragnar Nortvedt som er leiar på HI.

Lærarar i faget Kunst og handverk tykte ideèn var god og elevane starta teiknearbeidet. Kva er det då som lever i havet? Truleg veit me ikkje alt, så her var det berre å nytta kreativiteten.

Oppgåva var så spanande at ikkje alle vart ferdige innan fristen, men dei fleste har no fått plass på den store «blå veggen». Teikningane er forstørre noko og fått flott innramming. Dei er fargerike og utruleg flotte!

Torsdag 18.juni var alle elevane, lærarar og tilsette på HI møtt opp for avduking. Ragnar Nortvedt og rektor Liv Øydis Trædal fortalte om samarbeidet og så vart alle avduka. Full applaus og så fekk alle god tid til å studera kunstverka. Fantastisk!

No håpar me at alle som køyrer forbi slakkar litt på farten eller rett og slett parkerer for å studera desse flotte arbeida. Det gode samarbeidet som me har vil halda fram og kven veit kva som vil koma opp neste gong? Noko



vert det, men me veit ikkje når. No skal me nytta desse kunstverka leenge.

Tekst og foto: Liv Ø. Trædal

Bilete til Masfjord-kalenderen 2021

Masfjord fotballag ynskje å få tilsendt bilete med motiv frå kommunen vår. Har du bilete du vil dele med oss?

Ivar Helge Matre Ivarm@hi.no tek i mot spørsmål eller bilete innan søndag 20. september

Masfjordsprinten 2020 - ein solrik suksess!

Sprint er ei kjend konkurranseform innan langrenn og blir i Masfjordsprinten overført til springing. Prinsippet er at det først blir avholdt prolog med individuell start, der ein rykkjer vidare til kvartfinale, semifinale og til slutt ein finale. Målet med arrangementet er å samla flest mogleg til ein sosial og litt slitsam dag. Alle kan alle delta, uansett alder! Dersom ein ikkje vil delta, er dette ein svært publikumsvenleg idrett.

Laurdag 11. juli var det klart for den 4. utgåva av Masfjord-Sprinten. Ikkje ein gong Korona kunne setja ein stoppar for tradisjonen med mosjonsløp på Sørsida. Nok ein gong var me heldige med vêret. Regndropane kom akkurat då siste skilt var henta inn.

Til starten kl. 12.00 stilte det 14 håpefulle born frå 1 år og oppover. Dei yngste borna sprang ein runde rundt skulebygget på Sandnes, medan dei eldste sprang to rundar. Borna vart heia fram av alle dei frammøtte, og i mål venta det ein medalje til alle deltakarane. Etter at dei håpefulle rekruttane hadde kjempa seg igjennom løypa, var det seniorane sin tur. I herreklassen stilte 20 spreke menn, og i dameklassen stilte det 10 sportye damer.

I herreklassen gjekk sigeren til den danske OL-satsande triatleten Henrik Klemmensen som også sette ny løyperekord, med imponerende tid på 2:43:67 på ca. 950 meter. Den sure 2. plassen gjekk til Halfdan-Emil Færø som kom fattige 16 tidelar bak vinnaren. Kampen om å verta den beste Masfjordingen stod mellom Vebjørn Haugsdal (sørsida) og Jack Halland

(nordsida) der Vebjørn vann Masfjordduellen med knappe 18. tidelar.

I dameklassen vart det ein klar siger til ein utflytta masfjording, Randi Marie Dyrkolbotn med ei sterk tid på 3:30:50. 2. plassen gjekk til springetalentet Lavi Afandy frå Matre. Sekundet etter kom Caroline Morken i mål på ein solid 3. plass.



Nytt av året var at det var mogleg å melda seg på i ein stafettklasse fordelt på tre etappar. Der var det eitt lag som stilte til start.

Arrangøren var strålende nøgd med oppmøte, både blant publikum og sportye deltakarar. Me håpar suksessen vil gjenta seg i 2021.

**Sett av datoen for neste år og bli med!
Datoen er laurdag 10. juli 2021!**

Tekst: Fjon UIL

Foto: Kasper Valestrand/Strilen



Bjørn West-triatlon 2020

Bjørn West-triatlon vart avvikla for åttande gong i år. Konkurransen i år vart gjennomført mellom 1. juli og 23. august. Alle interesserte i turklassen kunne symja 300 m, sykla 15 km (8 km for 8. - 10. klasse), og gjennomføra 3000 m til fots. Dei tre aktivitetane kunne ein ta samanhengande eller kvar for seg, kva og når dei ville f.o.m. 1. juli t.o.m. 23. august. Dei som stilte i konkurranseklassen måtte bruka original trasé.



Resultat:

Damer:

1. Henrikke Brekken Oppedal 55.07
2. Gine Myhre. 1.03.33

Herrar:

1. Helge Eidsnes 38.48
2. Ståle Daae. 50.11
3. Anders Eidsnes 50.27

Turklasse:

Lars Eidsnes
Marit Steinestø
Marta Daae Rafoss
Lars Eirik Myklatur
Magnhild Rørtveit

Tekst og foto (tidlegare år): Ståle Daae

Bli med på onsdagstur

Kvar onsdag vår og haust er det onsdagsturar i Masfjorden. Tilbodet er i regi av Nordhordland turlag.

-Det er kjekt med onsdagsturar, seier Laila Ljøen Reknes. Ho har vore med på onsdagsturane heilt sidan tilbodet starta opp. -Turane er lagt opp slik at ein turnerer mellom turar i kvar del av kommunen, seier ho. -Tilbodet er difor eit glimrande høve til å bli kjend i nye turområde. Kvar tur har ein turleiar, og utfluktene er ikkje lengre enn at dei kan gjennomførast på ein til to timar.

I vår sette koronapandemien ein stoppar for turane ei stund, og etter at ein starta opp igjen i juni har ikkje så mange som tidlegare vore med. -Det er berre å koma seg opp av godstolen og henga seg på, oppmodar Laila. -Onsdagsturane er god trim og eit flott, sosialt tilbod.



Siste turen i august gjekk til Håvarden frå Elvik. Onsdag 2. september står Bufjellet v/Tangedal-Frøyset for tur. Turstart er som vanleg kl 18. Nærare informasjon om alle turane finn du på nordhordland.turlag.no

Tekst: Frank Kvinge
Foto: Kolbjørn Reknes

For eit «Syn»!

Sidan juni har ein kunne oppleve tekstilkunstnaren Marta Nerhus si sommarutstilling «Syn» i Fargeriet på Sandnes.

Første fredagen i det nye skuleåret var mellomtrinnslevane i kommunen invitert til utstillinga og dei fekk eit lærerikt og triveleg møte med utstillinga og kunstnaren sjølv.

- Oi, seier 6. og 7.klasseelevane frå Matre då dei stig over dørstokken og inn i tørkeloftet på den gamle fargeribygningen. - Sjå alle båtane! Midt i rommet heng installasjonen «Så lenge skuta kan gå» med 400 små, skjøre båtar hengande i bølger i syltynne kopartrådar ned frå eit lerret i taket. Solstrålane inn vindauga får det til å glinsa i trådane og båtane, og intallasjonen skiftar farge alt etter kor du står i rommet og korleis lyset er. Elevane samlar seg rundt installasjonen. - Sjå, det ligg massevis av hagl på golvet, seier ein. - Nei, nei, det er salt, seier ein annan. - Kvifor trur du eg har lagt salt som eit teppe på golvet, spør kunstnaren. - Kan det vera fordi det er salt i sjøen, spør elevane. - Ja, og så lagar det ein fin kontrast til alle båtane som heng over, svarar kunstnar Marta.

- Denne installasjonen fekk eg ideen til då eg såg alle dei skrøpelege, fullasta båtane som prøvde å kryssa Middelhavet med flyktingar for nokre år sidan. Eg vil fortelja noko om kor skjørt livet er, fortel Marta. Så fortel Marta om livet som kunstnar, at det begynte med då ho sette opp hesjer med far sin og ho oppdaga kor god ståltråden var til å forma, og at ho i meir enn 30 år har nytta dette materialet til å «teikna» med i profesjonell samanheng. Ho fortel at ho ikkje berre lagar ting for å laga dei, men prøver å seia noko viktig gjennom det ho lagar.

- Dei store landskapsbileta på veggane er inspirert av dei flotte Masfjordfjella, og eg ønskjer ikkje at dei skal bli øydelagt av store vindturbinar, seier ho.



Etter ein god samtale rundt båtane med nysgjerrige og vakne elevar ser dei nærare på dei andre kunstverka i utstillinga. - Kan me ta på, spør ein. Ja, det er det som er det flotte med dette materialet. Ein kan bøya det tilbake om noko skulle koma ut av stilling, svarar Marta.

Elevane spør, dei undrar seg, dei tek på og dei let seg begeistra av det dei opplever der dei bevegar seg mellom kunstverka. - Wow, sjå på det portrettet, ropar plutselig ein. - Korleis får du til å laga noko slikt som dette, spør ein annan. - Eg strekkjer, pakkar saman saman og formar ståltrådnettet som eg har strikka på ei gamal strikkemaskin, svarar Marta. - Her kan du sjå eit av dei verkeleg store portretta eg har laga til Litteraturhuset i Bergen, fortel ho, og viser eit bilete frå eit tidsskrift som ligg på eit bord. - Portrettet av Amalie Skram er meir enn to meter høgt. Elevane gispar.

-Men no er det tid for at de får prøva dykk, seier kunstnaren. - Eg har tenkt at de skal få laga båtar. Dei treng ikkje sjå ut som dei eg har laga, berre bruk fantasien. Gruppa går ned i skuret og samlar seg rundt eit langbord. Der ligg ståltråden klar. Marta demonstrerer korleis ein kan gå fram, og elevane set ivrig i gang. Litt vanskeleg i starten, men etter kvart får dei teken på korleis dei kuttar tråden, korleis dei skøyter, korleis dei snurrar og korleis dei formar. Dei hjelper kvarandre. Den eine etter den andre båten tek form, nokre med segl, nokre med gallionsfigurar både framme og bak, og nokre med påhengsmotor, medan elevane pratar om laust og fast. Etter kvart vert det kjærsteprat og lydnivået stig. - No må de fokusera på oppgåvene dykkar, seier Marta «strengt» og fokus er straks gjenoppretta.

Så går økta mot slutten. - Kan eg få låna båtane de har laga til måndag, spør Marta. - Så skal eg henga dei opp slik at dei som besøkjer fargeriet i helga kan få sjå alle dei flotte båtane de har laga. Elevane svarer unisont ja.

Det blir tid til ein liten tur inn i fargerikjellaren. Elevane spring frå maskin til maskin og let seg fascinera av alt det rare dei ser. - Dei må jammen ha vore smarte dei som har sett saman alt dette, seier ein. - Og tenk kor bra det er at dette har fått stått i fred sidan fargeridrifta vart lagt ned og no kan vera museum.

Ferja legg snart frå land i Duesund. Dei ivrigaste tek sjansen på ein springtur bort til Sandneskaféen der ein del av utstillinga står. Vel tilbake er ferja kome midtfjords. Ein av elevane har fått ei bittelita kipe fylt med Twist med seg i retur frå kaféverten som vert delt med alle dei andre. Lukke!

- Tusen takk for at me fekk koma, seier den eine etter den andre, smiler og takkar høfleg for seg. - Dette var kjekt.

Tekst og foto: Frank Kvinge



Utstillingsavslutning med koronablues i Fargeriet



Utstillinga Syn har pryda tørkeloftet i Fargeriet i sommar. Laurdag 22.08 var siste opningsdag. Dette vart markert med eit lite arrangement der kunstnaren Marta Nerhus i samtale med Berit Lygre fortalde om livet sitt som kunstnar og om denne utstillinga. Det vart ei verkeleg flott og interessant stund i det eigenarta og vakre lokalet. «Tuberkuløse trubadurer» - dei to musikalske legane Marianne Aaenerud og Bjørn Blomberg frå Haukeland Universitetsssjukehus ramma inn samtalen med alt frå Joni Mitchell på nynorsk, vakre jazzballader til portugisisk, geritrisk fado- og ikkje minst Koronabluesen som gav eit levande bilete av korleis denne pandemien pregar heile verda- både humoristisk og litt sårt.



Avslutningsvis vart Marta takka av for den flotte utstillinga ho har hatt i Fargeriet denne sommaren.

Tekst og foto: Frank Kvinge

Besøk i Fargeriet

Mellomsteget på Sandnes skule tok turen til Fargeriet for å møte kunstnaren Marta Nerhus og sjå på utstillinga "Syn". Elevane fekk også ei omvising i Fargeriet.

Fredag 21.august var 5.-7.kl på Sandnes skule inviterte på Fargeriet for å «teikna med streng». Kunstnaren Marta Nerhus har hatt utstillinga «Syn» på Fargeriet denne sommaren og me var så heldige å få sjå denne. Det er ei utstilling der metalltråd og streng er nytta for å laga både bilete og andre installasjonar. Midt i rommet var det hengt opp ein installasjon med mange båtar, faktisk fleire hundre båtar som var laga av metalltråd og hengt opp med ein kopartråd. Under båtene var det grovsalt. Båtane glinsa så fint i lyset. Etterpå blei me inviterte til å prøva sjølve å laga båtar av metallstreng. Det var eit nytt og spennande materiale å arbeida med, og det blei mange kreative båtar på denne stunda.



Tusen takk for invitasjonen!

Tekst og foto: Renee Kårtveit



«Lokale heltar» i storform



Konserten med «Lokale heltar» med musikk av Dire Straits og Mark Knopfler vart ei stor oppleving for alle oss som hadde benka oss med ein meters avstand på Fjon grendahus laurdags kveld. Eigentleg skulle dette vera ein utekonsert, men grunna «øs- pøs» ute vart konserten flytta inn. Og det kan me vera glade for, for sjeldan har publikum fått oppleve finare lyd og lys på ein konsert her i «fjorden».

Det svinga skikkeleg av gjengen på scena. Samspelet var profesjonelt. Henning Hodne Mjanger var den naturlege frontfiguren med sitt fantastiske gitarspel. Han hadde, nett som Mark Knopfler, eit rikhaldig utval av gitarar på scena og bytta til og med gitar midtveis i ein låt! Mark Knopfler skulle berre høyrd og sett! Framføringa av det Henning omtala som ein av dei finaste låtane han visste om, *Sailing to Philadelphia*, var vakker, likeins *Juliet*.

- I kveld la eg vekt på å kopiera Knopfler sine fantastiske soloar. Gjenkjenning er viktig for publikum, trur eg, seier Henning etter konserten.

Hit-låtane kom som perler på ei snor, og i *Money for nothing* svinga det ekstremt bra av bandet. Gitarist Åsmund Kvinge utmerka seg med nydeleg vokal, vakker koring og flotte introduksjonar til låtane. Ha har for øvrig vore primus motor for denne konserten saman med Henning.

Øyvind Mjanger trakterte bassgitaren. Han er frå Mjanger, men bur no i Søgne. - Når eg vart spurd om å vera med på dette prosjektet kunne eg ikkje takka nei. Eg er nok den aller største Dire Straits - entusiasten her på scena, smiler han.

Arnt Thyve sytte med sitt flotte tangentspel for å gje bandet den heilt riktige Dire Straits- sounden.

Brynjar Mjanger Eide spelte slagverk i bandet. - Det er utruleg kjekt å få spela i lag med så flinke folk. Eg trur konserten gjekk omtrent så bra som den kunne gå, og det er veldig kjekt å få så mange fine tilbakemeldingar etterpå, og ha ei slik god kjensle i kroppen. Alle har gjort ein stor jobb for at dette skulle bli bra. Eg må få skryta særskild av Jon Martin og hjelparane hans som ordna fantastisk lyd og lys. Utan den jobben hadde ikkje kvelden vore den same. Folk i Masfjorden er heldige som har flinke og initiativrike folk i bygdene sine, og det er ekstra kjekt at bygdefolket er gode til å koma på konsertar og støtta opp om det som vert arrangert.

Det er eg heilt samd i! Og tenk at denne gjengen som har øvd mest kvar for seg, riktignok ein del saman i sommar, men første gang med alle på plass kvelden før konserten kan låta så utruleg bra! Rett og slett imponerende!

Då siste låt var ferdig var det fortent trampeklapp frå salen, publikum reiste seg og hoia fram to ekstranummer før det heile var over.

Me treng ikkje alltid reisa så langt for å få gode konsertopplevingar. Det var denne kvelden eit godt døme på.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger

Bjørn West-marsjen for 38. gong



Med enorme elvar og styrtregn dagen før marsjen var det tvilsamt om marsjen kunne gå. Heldigvis roa veret seg og om lag 280 deltakarar gjennomførte lang og kort løype.

Ved fjellstova var det kulturprogram med konsert, gudsteneste og til slutt kransnedlegging og tale ved minnestøtta til minne om soldatane som mista livet i Matre-fjella siste månaden av 2. verdskrig.



99 år gamle Ivar Kristoffersen, veteran frå Bjørn West, var på plass også i år. Imponerande!

Ein annan som ein let seg imponere over er primus motor Birger Wergeland som år etter år trekkjer i trådane for å få gjennomført denne tradisjonsrike marsjen.



-Eg er svært glad for at årets Bjørn West-marsj gjekk så bra som den gjorde i denne spesielle tida me er inne i, seier Wergeland. - Difor vil eg takke alle som bidrog. Korona-situasjonen gjorde at det i år var færre deltakarar både i løypene og rundt fjellstova, men alle de som kom var med på å gjera dette til ein minnerik dag.

Tekst og foto: Stordalen fjellstove/Masfjorden kommune

«Folk treng hus og hus treng folk»



For nokre år sidan vart det oppdaga lekkasje i taket på det staselege nothuset på Sandnes. I sommar har det vorte arbeidd med å utbetra skadane, og arbeidet går no mot slutten.

Kommunen har tre museumsbygningar dei har ansvar for. Dette er skulemuseet på Sleire, Kvamsdals fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. I tillegg yter kommunen tilskot til drift av Bjørn West-museet som no er ein del av Museum Vest. Felles for alle dei tre bygga er at dei er gamle. Og gamle bygg krev som me alle veit ofte ekstra vedlikehald. Dei siste åra har skulemuseet fått nytt tak og blitt måla, fargeriet vart måla i fjor sommar og no altså takutbetring av Masfjorden båt- og sjøbrukssamling.

- Me fekk oss nokre overraskingar då takhellene vart tekne av, seier teknisk sjef Roald Kvingedal.
- Råteskadane var langt meir omfattande enn det ein kunne sjå frå innsida, og bygget sto i fare for å kollapsa. No er det sett inn nye sperr og hanebjelkar i heile taket, og det er lagt nytt sutak og stein på vestsida. I tillegg har det blitt skifta ein del råten kledning.

- Det er kjekt å sjå at arbeidet no går mot slutten, og at resultatet blir så bra. No skal bygningen tåla mange år med ver og vind, og er klar til å ta imot

museumsgjestar og kulturarrangement til neste sesong, avsluttar han.



Nothuset vart sett opp og eigd i fellesskap av gardane Kvamme, Sandnes, Duesund og Areklett. Her vart felles fiskeutstyr oppbevart. Då Masfjorden kommune overtok bygningen, vart Masfjorden båt- og sjøbrukssamling plassert og utstilt her. Samlinga består av tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen.

Tekst og foto: Frank Kvinge

Informasjon frå Fensfjordbygg



8. juni vart Fensfjordbygg opna. Huset rommar kommunale og private helsetenester, NAV, politi og kafé. Dessutan er det husvere i dei to øvste etasjane.

På desse sidene presenterer tre av dei som heldt til i huset seg.

Masfjorden lensmannskontor

Politiet var dei første til å ta i bruk den nye lokala i Fensfjordbygget. Frå 01.05.20 har me vore opne, men unntak av 3 veker i sommar då kontoret var stengt i samband med ferieavvikling. Kontoret skal vere eit utgangspunkt for å levere polititenester til Gulen, Solund og Masfjorden kommune.

Kontoret har opningstid to dagar i veka, det er tysdag og torsdag mellom kl. 10 og 14. Det betyr ikkje at politiet ikkje er til stades utover dette. Vår målsetting er at me skal ha høve til å sette av tid til ande gjeremål i dei tre kommunane utover dei to kontordagane.

Ved kontoret er det tidlegare lensmann Ivar Holmaas som er leiar for tenestestaden. Jan-Terje Brügger har nyleg trådd inn i stillinga som politikontakt for dei tre kommunane som soknar til kontoret. Utover det er det lagt opp til å dra vekslar på lokale polititilsette som nok vil bli å treffe ein del på kontoret.

Som i politiet elles ynskjer også politiet i Masfjorden å ha fokus på den førebyggjande innsatsen. Det betyr at me gjennom patruljering ynskjer å vise oss i dei mange bygdene som særpregar desse tre kommunane, me ynskjer å vere til stades på skular, me vil vere synlege i trafikkbilete, me vil vere synlege på arrangement, etc. Kort sagt så ynskjer politiet å vere til stades der det skjer slik at me i samspel med kommunar, næringsliv, idrettslag og innbyggjarane generelt

bidreg til at innbyggjarane og særleg borna våre har trygge og gode oppvekstvilkår.

Når det gjeld akutte hendingar som krev politiet sin innsats vil det gjennom døgnet og veka i hovudsak vere politiet plassert i Knarvik som rykker ut. Det er ikkje til å legge skjul på at dette kan vere ei utfordring for oss, då avstanden mellom Knarvik og kommunane her i nord er lang. Dette er ei utfordring som Gulen, Solund og Masfjorden delar med andre kommunar som Nordhordland lensmannsdistrikt skal levere tenester til, som Austrheim, Fedje og Modalen. Lensmannsdistriktet nærmar seg no 40 000 innbyggjarar og dekker eit areal som er nesten 6 gongar så stort som Oslo Politidistrikt.

Utfordringane til trass, for den daglege drifta og for høve til å drive mykje godt førebyggjande arbeid har politiet fått eit framifrå utgangspunkt ved våre nye lokal på Hosteland. Her tek me gjerne i mot publikum som vil gje oss informasjon me treng slik at me kan yte vårt beste for lokalsamfunnet.

Tekst: Jan-Terje Brügger, politikontakt



Masfjorden fysioterapi

Fysioterapeut Gro Serine Baarøy overtok Masfjorden Fysioterapi i september 2019 etter fysioterapeut Ingrid Nielsen, og vidareførte drifta i lokalet ved sidan av legekontoret. Når Fensfjordbygg stod ferdig flytta Gro Serine i april sin fysioterapipraksis inn i nye lokale i 2. etasje.

Gro Serine er sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut med 100 % driftsavtale med kommunen, som vil seie at ho tilbyr fysioterapitenester på vegne av kommunen, i tillegg til kommunal fysioterapeut Lene Danielsen, som er tilsett i 100 % fast stilling.

Fysioterapeutar sitt kunnskapsfelt er kropp, rørsle og funksjon. Fysioterapeuten har brei kunnskap om rørslesystemet si oppbygging og funksjon hjå frisk og sjuk, og om korleis fysiske, psykiske og sosiale faktorar har innverknad på helse og sjukdom. Det overordna målet med fysioterapi er å identifisere og optimalisere livskvalitet og rørslepotensial innan helsefremjande, førebyggjande, behandlande og rehabiliterande/habiliterande verksemd.

Gro Serine tilbyr i hovudsak fysioterapitenester til dei som er i stand til å møte til behandling ved fysioterapilokalet i Fensfjordbygg. Fysioterapi omfattar undersøkande, behandlande, rehabiliterande og førebyggjande tiltak. Behandling hjå fysioterapeut inkluderar tiltak som har til hensikt



å optimalisere funksjon, begrense funksjonstap, eller lindre smerter og symptom.

Tverrfagleg samarbeid er ofte essensielt for å hjelpe den einskilde best mogeleg med sine helseplager, og er ein viktig årsak til at Gro Serine valgte å flytte til Fensfjordbygg, då det her ligg godt til rette for samarbeid med både legar, helsestasjon, jordmor, heimeteneste, forvaltningskontoret og NAV. Gro Serine samarbeidar òg med kommunal fysioterapeut, ergoterapeut og andre aktuelle aktørar når det er hensiktsmessig.

Tekst: Gro Serine Baarøy

Kritthuset kafé


- Kritthuset er ein liten kafé som blir dreve av to personar med stor lidenskap for mat. Maten vi lagar er alltid laga fra bunnen av, noke gjestane våre er veldig nøgd med.

Oppstarten har gått over all forventning, og vi gler oss veldig til vegen vidare. Vi skal no utvide tilbodet vårt litt med fersk sjømat. Utsaldisken er noke vi skal arbeide med å etablere gjennom hausten og vil innehalde dessertar, middagsrettar, dressingar, salatar osv.

Tilbakemeldingane fra publikum har ikkje vore anna enn positive. Folk har sakna eit slikt tilbod her i bygda.

Velkomen innom!

Tekst og foto: Kristine Brosvik



Kranselag på Hosteland omsorgssenter

Tysdag 25. august var det kranselag på Hosteland omsorgssenter. Her deltok personar frå dei mange føretaka som er engasjert i å byggje det nye omsorgssenteret og representantar frå Masfjorden kommune.

Byggjeleiar Hans Magnar Aarland ønskte velkomen, og det vart servert kaffi og kaker i det store fellesrommet i 2 etasje.

Alle var svært fornøgd med at ein milepel i byggjeperioden er over.

Etter planen skal bygget vera innflyttingsklart i slutten av året.

Tekst: Sveinung Toft
Foto: Roald Kvingedal



Ei etterlysing

I samband med markeringa av 17. mai i år vart det lagt ut diverse videofilmar knytt til dagen, og til Masfjorden og hendingar her. Ein av desse var ein film som Olav Areklett tok opp då kronprins Olav avduka Bjørn West-minnesmerket i Stordalen 29. juli 1949.

Det var mange som fann vegen til Stordalen denne dagen, mellom anna desse småjentene som her er avbilda der dei står i sin finaste stas og ventar på kronprinsen og fylgjet hans, truleg ved Fosse.

Den gongen var dei jenter på rundt åtte-ni år. I dag er det vaksne damer på rundt dei åtti. Men kven er dei?

Dersom einkvan kjenner att desse tre, hadde det vore fint å få vite kven dei er. Og endå betre: skulle einkvan kjenne att seg sjølv på biletet, hadde det





vore veldig kjekt om vedkomande ville dele eit lite minne frå denne dagen.

Attendemeldingar kan sendast underteikna på denne e-postadressa: rune.garmann@gmail.com

Skulle einkvan ha lyst til å sjå denne filmen eller andre filmar som vart lagt ut på nettet til 17. mai, er det berre å klikke seg inn på denne nettadressa: <https://www.masfjordingen.no/bjorn-west-ein-del-av-historia/>

Rune Garmann

Filmar hausten 2020 på Fjon grendahus



Veglys på Kvingo

Det pågår for tida arbeid med vegutviding på Fv 570 mellom Einestand og Elvik. Kvinge helselag fekk spørsmål om å ta ansvar for at det vart lagt kablar i veggrofta, slik at det kan bli veglys frå brua ved Sørkvingevatnet og fram til butikken på Kvingo. Det var no det var høve til å få det gjort, både praktisk og økonomisk. På sikt ynskjer styret i Kvinge helselag å arbeida for veglys frå brua til Sørkvingegarden, og til Brubakken på Nordkvingo. Begge desse strekka vil ha ledningar som går i luftspenn mellom stolpane.

Prosjektet er delt i to, og helselaget har teke ansvar for første del av projektet, kostnadsrekna til kr 518 997. Dette er eit stort økonomisk løft for eit lite lag, men me har trua på at dette skal me klara, og er allereie i gang med dugnadsarbeidet. Det er gjort avtale med Masfjorden kommune om medfinansiering og forskottering, noko som gjev oss inspirasjon til vidare arbeid. Vidare har me søkt om støtte både hjå Mowi og Sparebank-stiftinga, men med avslag.

Laget arrangerte jonsokfeiring på Kvingo, og dette vart ein suksess.



Basar var planlagt, men grunna korona vart det berre trekning av loddøkene.

Bygdefolk, hyttefolk og andre har vore svært så positive til å støtta projektet vårt, ved å kjøpa lodd og gje gaver. Dette gjev oss i styret inspirasjon til å arrangera fleire aktivitetar, til inntekt for projektet.

Vinnarane vert kunngjort i oppslag på nærbutikken på Kvingo.

Tekst og foto: Kvinge helselag v/Gro Marit Kvinge Tande

Kristian Dahle vinnar av foto-konkurransen

På framsida av denne utgåva av Masfjordingen ser du vinnarbiletet i fotokonkurransen «Sommarminne».

Biletet er teke av Kristian Dahle på veg frå Matre og opp mot Gråsida og syner Matre omkransa av fjord og fjell. Juryen seier: «Biletet har ein rein og ryddig komposisjon med vakre fargekombinasjonar i eit vakkert fjordlandskap.» Redaksjonen gratulerer! Premien er framsidebilete i Masfjordingen + «noko attåt». «Noko attåt» vil bli overlevert vinnaren med det aller første.



Det kom inn mange fine bilete, mest naturbilete, både frå kommunen og blinkskot teke rundt i landet elles.

Redaksjonen takkar for alle bidrag. Hald gjerne fram med å senda blinkskot som kan nyttast i bladet.

Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Kontortid: måndag - torsdag
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Harald Sundsbø
Tlf.: 95976864
e-post: h-sund@online.no

Konfirmantprest, vikar: Kristine Bleikli
Tlf.: 411 89 809
kristine.bleikli@masfjorden.kommune

Vipps Masfjorden Sokn: 620513



Stoff-frist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen: 5. oktober og 16. november

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauv og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Formgjeving: Mary Hope